



Ordfører

| <i>Saksnr</i> | <i>Løpenr.</i> | <i>Saksansvarleg</i> | <i>Arkiv</i> | <i>Dato</i> |
|---------------|----------------|----------------------|--------------|-------------|
| 2014/402 | 1882/2015 | BARDSETH | 031 | 17.02.2015 |

Melding om vedtak i kommunestyret 12.2.2014, sak 8/15

KOMMUNEREFORM - AKTUELLE ALTERNATIV

Saksprotokoll i Ørsta kommunestyre - 12.02.2015

VEDTAK:

Ørsta kommunestyre vil vurdere fylgjande alternativ for vidare utgreiing:

- Ørsta kommune åleine
- Ørsta og Volda kommunar
- ”Søre Sunnmøre” (Ørsta, Volda, Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein og Hareid kommunar)
- Ørsta, Volda, Hornindal, Stryn og Stranda kommunar
- Søre Sunnmøre , Hornindal, Stryn, Stranda, Eid, Vågsøy og Selje kommunar

Handsaminga(30 r.f.)

Paul Kristian Hovden(KrF) fremja å legge til Selje kommune i strekpunkt 5.

Formannskapet si tilråding med tillegg vart vedteke med 30 mot 0 røyster

Rett utskrift

Inger Johanne E. Løeng
Politisk sekretær

Saksprotokoll i Ørsta formannskap - 03.02.2015

TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Ørsta kommunestyre vil vurdere fylgjande alternativ for vidare utgreiing:

- Ørsta kommune åleine
- Ørsta og Volda kommunar
- ”Søre Sunnmøre” (Ørsta, Volda, Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein og Hareid kommunar)
- Ørsta, Volda, Hornindal, Stryn og Stranda kommunar
- Søre Sunnmøre , Hornindal, Stryn, Stranda, Eid og Vågsøy kommunar

Handsaminga(9 r.f.)

Ordføraren endra si overskrift og tilråding ved å ta vekk ”samanslåing” i ordet samanslåingsalternativ.

Formannskapet vedtok med 9 mot 0 røyster å leggje saka fram for kommunestyret i samsvar med ordførar si endra tilråding og overskrift.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Rune Hovde

Arkivsak: 2014/402

Løpenr.: 932/2015

| Utvalsaksnr. | Utval | Møtedato |
|---------------------|--------------------|-----------------|
| 18/15 | Ørsta formannskap | 03.02.2015 |
| 8/15 | Ørsta kommunestyre | 12.02.2015 |

Saka gjeld: **KOMMUNEREFORM - AKTUELLE ALTERNATIV**

TILRÅDING TIL VEDTAK:

Ørsta kommunestyre vil vurdere fylgjande alternativ for vidare utgreiing:

- Ørsta kommune åleine
- Ørsta og Volda kommunar
- ”Søre Sunnmøre” (Ørsta, Volda, Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein og Hareid kommunar)
- Ørsta, Volda, Hornindal, Stryn og Stranda kommunar
- Søre Sunnmøre , Hornindal, Stryn, Stranda, Eid og Vågsøy kommunar

Uprenta saksvedlegg:

- Fylkesmannen sitt forventingsbrev, dagsett 15.10.2014
- Sak om kommunereform i kommunestyret 11.09.2014 (k-sak 56/14)
- Sak om kommunereform i kommunestyret (lokal prosess) 11.12.2014 (k-sak 85/14)

Samandrag av saka:

Saka gjeld identifisering av samanslåingsalternativ for ny kommunestruktur.

Saksopplysingar:

Arbeidet med kommunereform er inne i fase 2 i høve Fylkesmannen i Møre og Romsdal sin framdriftsplan. Ei sentral arbeidsoppgåve i denne fasen er identifisering av aktuelle samanslåingsalternativ.

Ein ber no kommunestyret ta stilling til kva for alternativa ein skal vurdere vidare. Ei vidare vurdering inneber at ein utfører utgreiingar og analysar av samanslåingsalternativa (utarbeiding av faktaunderlag). Når ein seinare i prosessen skal gå ut å spørje innbyggjarane om kommunereforma og ny kommunestruktur (innbyggjarundersøking og folkeavrøysting), vil dette vere basert på faktaunderlag for aktuelle samanslåingsalternativ.

Prosesen er inne i ein open fase og ingen konklusjonar om samanslåingsalternativ er avklara. Det er såleis viktig å vise fleire relevante samanslåingsalternativ, men også konsekvensane av om Ørsta held fram åleine som eigen kommune. Basert på innspel og førespurnader, offentlig debatt mm. foreslår ordføraren at fylgjande samanslåingsalternativ vert vurdert for utgreiing:

- Ørsta kommune åleine
- Ørsta og Volda kommunar
- ”Søre Sunnmøre” (Ørsta, Volda, Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein og Hareid kommunar)
- Ørsta, Volda, Hornindal, Stryn og Stranda kommunar
- Søre Sunnmøre, Hornindal, Stryn, Stranda, Eid og Vågsøy kommunar

Kommunestyret står fritt til å foreslå andre samanslåingsalternativ enn dei som er nemde her, og å gjere endringar i lista over alternativ som skal utgreiast.

Utarbeiding av faktaunderlag vil i hovudsak bygge på eksisterande samfunnsanalyser, rapportar og statistikk med relevans for Ørsta og Sunnmøre, mellom desse er;

- Møreforskning: Rapport nr. 17/11: *Fordelar og ulemper ved kommunesamanslåing av Volda og Ørsta kommunar* (handsama i kommunestyra 16.6/22.6.11)
 - *Innbyggerundersøkelse om ny kommunestruktur på Sunnmøre*. Rapport frå Sentio Research Norge, 2014. Utført på bestilling av Søre Sunnmøre regionråd
 - Utfordringsnotat for kommunane på Søre Sunnmøre. Skal gje kunnskap om innhald og konsekvensar av kommunereforma, og inneheld m.a. analyse av den einskilde kommune sine utfordringar knytt til reforma. Utarbeidd av BDO Advisory. Venta levering februar 2015.
-

- + evt. andre relevante kjelder

Oppdraget med utarbeiding av faktaunderlag vert gitt prosjektgruppa for lokal kommunereformprosess. Det vil vere aktuelt å nytte ekstern kompetanse i samanstillingar av eksisterande data. I den grad det er hensiktsmessig vil ein koordinere arbeidet med nabokommunar, og dra vekslar på ressursar frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Sunnmøre Regionråd.

Det vert lagt opp til at kommunestyret får sak om faktaunderlag og samanslåingsalternativ i mai/juni 2015. Denne saka vert underlag for rapportering til Fylkesmannen i Møre og Romsdal (rapporteringsfrist 01.07.2015).

Vurdering og konklusjon:

Ein ber kommunestyret ta stilling til kva for alternativa ein skal vurdere vidare i arbeidet med ny kommunestruktur.

Ørsta, 28.01.2015

Rune Hovde
ordførar
